



Svein Inge Styve

Dato: 02.06.2016  
Vår ref.: 2016/1922-36  
Saksbehandlar: catmell  
Dykkar ref.:

## Investeringsmidlar 2016 - Nye Voss vgs

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til utstyr til elektro, restaurant- og matfag og gymsalen. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Nye Voss vgs får innvilga totalt **kr 1 100 000,- inkl moms**. Dette er fordelt mellom utstyr som innmeldt som følgande:

Kr 350 000,- **inkl moms** til restaurant- og matfag samt kjøkken til tilrettelagt.

Kr 500 000,- **inkl moms** til elektrofag

Kr 250 000,- **inkl moms** til gymsal

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

**Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017.** Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Cathrine Øvredal Mellingen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*